



Rune Seim  
Krokjen 8  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2987 - 18/33663

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
08.11.2018

## Førebels svar på søknad om deling med trong for tilleggskontroll - gbnr 164/1 Sletten (Seim)

Tiltak: Ny grunneigedom  
Byggjestad: Gbnr: 164/1 Krokjen 8  
Tiltakshavar: Rune Seim

Kommunen stadfestar å ha motteke søknad om frådelling av ny grunneigedom frå gbnr 164/1 den 27.09.2018.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Grunngjeving for søknad  
Det må gjerast greie for kva den nye parsellen skal brukast til, kva drift det er på bruket og kva planar det er for resterande landbrukseigedom.
2. Søknad om dispensasjon frå plangrunnlaget  
Den planlagde eigedomen ligg i område som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til LNF-føremål med særskild omsynssone landbruk. Innafor LNF-områda kan det berre førast opp tiltak for landbruk og gardsbasert næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag. Frådelling av ny grunneigedom vil vera i strid med plangrunnlaget og krevja at det vert søkt om og gitt dispensasjon.  
Vedlagt følgjer rettleiar for dispensasjonssaker. I denne ligg det også eit skjema du kan nytta ved innsending av søknad om dispensasjon. Søknaden om dispensasjon må grunngjevast og nabovarslast.
3. Målsatt situasjonsplan  
Det må sendast inn nytt situasjonskart der grensene for den nye parsellen er målsatt. Minste avstand mellom eksisterande byggverk og ny grense må førast på situasjonsplanen.  
Vedlagt følgjer nytt situasjonskart.
4. Nabovarsel



Naboeigedomane gbnr 163/1 (Nystrand) og 163/3 (Valle) må også varlast.  
Gjenpart av nabovarsel manglar og må sendast inn. Skjema for nabovarsling finn du på [www.dibk.no](http://www.dibk.no).

5. Privatrettslege tilhøve

Det må dokumenterast at den nye grunneigedomen er sikra vegrett . Dersom eigedomen har anlegg for vatn og/eller avløp som er plassert på hovudbruket må det dokumenterast at rett til slik plassering er sikra.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **31.12.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Kart gbnr 164-1  
Rettleiar dispensasjon

**Mottakarar:**

Rune Seim

Krokjen 8

5912

SEIM